



PROTESTER: I forbindelse med karikatur-striden vart det sett fram krav om at ytrings- og trykkefridomen skulle verte underlagd restriksjonar. Men et fungerende demokrati er basert på individets rett til å uttrykke og frambringe forskjellige og motstridande meininger. FOTO: SCANPIX-ARKIV

– Ytringsfridom er fundamentet for religionsfridom

Ytringsfridomen er grunnleggande for andre fri-domar og rettar. Utan denne har vi verken tryk-kefridom, rett til open debatt og manifestasjon av religiøs tru eller fridom i kunst- og musikkuttrykk.



analyse

Mats Tunehag

Vi treng å undersøke nærare kva det inneber å ha fridom til å tale og ytre seg om vi skal oppdage ringverknadene dette har for religionsfridomen. I ei globalisert verd, der lover i stadig større grad vert internasjonaliserte, treng vi å for-

stå betre forskjellige trendar, fallgruver og mulegheiter som kan ha innverknad på oss alle.

Saker verda rundt

Hendingar i verda viser med aukande styrke kor viktig dette er:

Muhammed-karikaturane som vart publiserte i Danmark, syner klart at dette er eit globalt spørsmål. Over heile verda starta muslimar opp-

rør, imamar utlyste fatwaer og det vart boikottar og tøffe internasjonale diplomatiske samtalar – både i Danmark og andre land. Det vart sett fram krav, implisitt og eksplisitt, om at ytrings- og trykkefridomen skulle verte underlagd restriksjonar.

Rettsaka mot pastor Åke Green i Sverige illustrerer korleis talefridom og religionsfridom kryssar kvarandre. I juli 2003 sa han i ein tale i den vesle kyrkjelyden sin at homoseksuelle handlingar ifylgje Bibelen er synd. Omtrent eitt år seinare vart han dømd til ein månad i fengsel for å uttrykke forakt for homoseksuelle. Han vart frikjend i høgsterett 9. november 2005. Saka hans viste seg å vere av internasjonal betyd-

ning og vart tett følgd av advokatar og lovgjevarar over heile verda.

Kritikk av islam

Pastor Daniel Scot måtte flykte frå Pakistan på grunn av blasfemilova i landet, men enda opp med å bli skulda for å krenke muslimar og islam i det demokratiske «kristne» Australia. Saka hans har vore i det australske retts-systemet i over fem år. Tre australske delstatar har lover som, i toleransens namn, ikkje tillet kritikk, og ikkje ein gong det som kan oppfattast som kritikk, av islam.

Pakistans blasfemilover avgrensar strengt ytringsfridomen, og dermed religionsfridomen. Berre det å insinuere noko ved islam som kan

verte oppfatta som negativt, er definert som eit brotsverk.

Blasfemilover

Pakistan stod også bak resolusjonen som Organisasjonen for Islamsk Konferanse støtta, og som gjekk gjennom i FNs menneskerettskommissjon i mars 2007 i Geneve. Resolusjonens grunnleggande bodskap og siktemål er å skape ei «kritikkfri sone» for islam. Det er verdt å merke seg at islamske og andre ikkje-demokratiske land røysta for resolusjonen medan dei demokratiske røysta imot.

«Sentralt i denne resolusjonen er eit forsøk frå Organisasjonen for Islamsk Konferan-